

# Årsmelding 2025

## 1. Styret

Styret har vore: Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen, Lars Ragnvald Djupevåg, Eivind Tysse og Geirmund Storaas (leiar). Styret har halde 4 møte i 2025 og handsama 21 saker.

## 2. Norheimsund Gjestehamn

Hamna vår er eit fiskeoppdrett med flytande hus og kaiar på eit stålunderstell bygt i Arendal i 1996, slept til Norheimsund og bygt om til gjestehamn i 2004. Sommartrafikken er mest båtar frå området frå Boknafjorden til Stad og stabil på rundt 20 båtar i døgnet i juli månad. Heilt frå 1999 har utlendingar lagt båtane sine her over vinteren. Men dei to siste vintrane har me verkeleg fått status som "Winterharbour Norway", og denne vinteren ligg det 28 båtar frå 10 nasjonar her. Det vart sagt frå ein av båtane: "an interesting bunch of international yachts". Det er verkeleg ein "skog av master" i hamna. Gjestene framhevar m.a. god hamn, hyggelege dugnadsfolk, kameraovervaking, at hamna ligg "midt i byen" og kort veg til Flesland flyplass. Dette er inspirerende, og noko som styret arbeider særleg for å ta vare på og vidareutvikla. Stålriggeren under kaiar og hus har lege i sjøen sidan sidan 1996 og feirar såleis 30 år i år. Styret diskuterer behovet for eit "dokkefond", og meiner at å betala raskt ned på gjeld (kr 820.000,- i 2026) er beste måten å leggja til rette for dette. Gjestehamna står for ca kr 1 mill. av omsetninga.

## 3. Norheimsund Rib Seafari

Hausten 2018 byrja arbeidet med å få i gang RIB-drift frå hamna vår. Målet har i praksis vorte tredelt: å skapa puls i Norheimsund, å ha det moro og å ha god økonomi. Dette har i stor grad vorte oppfylt. 2025 var den sjuande sesongen med RIB og andre sesongen med to båtar. Me fraktar om lag 1000 passasjerar i året, og Fykkundet er den store attraksjonen. Båt nr 2 hjelper oss ved større grupper, oppdrag for konkurrent og rutinemessig vedlikehald. Men det er eit stort potensial i å få nytta båt nr 2 fullt ut. Marknadsføringa vert spissa mot det. Mannskapssituasjonen er god med sju coxar med turvande papir om bord. Me ser fram til 2026-sesongen. RIB-drifta står for ca kr 1 mill. av omsetninga.

## 4. Bota Bunkers

Den flytande oljekaien "Bota Bunkers" kom i drift 03.10.2020 for å dekkja eige behov for bensin til RIB, men også for å skapa puls i Norheimsund. Betongflytekai med innstøpte tankar var ei kostbar løysing, men har fungert svært bra. Plasseringa midt i sentrum dreg gjester frå både fjern og nær til bygda. Oljesalet står for om lag kr 2 mill. av omsetninga.

## 5. Økonomi

Total omsetning auka frå kr 3,5 mill i 2023 til kr 3,8 mill i 2024 og til kr 4,2 mill i 2025. Rekneskapen vart gjort opp med eit overskot på nær kr 400 tusen etter fulle avskrivningar og rentebelastning. Me sit att med eit lån på kr 1,9 mill etter å ha betalt ned kr 820 tusen i 2025. Total eigenkapital er ca kr 2,4 mill. Med framleis stor dugnadsinnsats meiner styret at økonomien er under kontroll.

## 6. Dugnad, personal og takk

Laget vert drive på dugnad, men cox på rib på dagtid i sesong og noko vask og vedlikehald vert betalt. Styret vil særskilt nemna bås Bjarte Nygård og tømmermann Svein Petter Bårdsgjære, og takka dei for framifrå innsats.

Norheimsund Hamneutvikling SA seglar i medvind og er vorte ein viktig bidragsytar til trivnad på heimplassen vår. Utan dei 186 parthavarane som gjennom kjøp av ein eller fleire 1000 kr-partar har gjeve laget kr 633 tusen i partskapital, og alle andre som bidreg med godvilje eller praktisk innsats ville dette ikkje vore mogeleg. Ein stor takk til alle.

Norheimsund, 05.02.2026

Styret

Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen,  
Lars Ragnvald Djupevåg, Eivind Tysse,  
Geirmund Storaas (sign)

*Geirmund Storaas*